
Vår referanse 2020/39634-12
Dato 20.05.2020

Åsne Helene Folstad

Stiftinga Singerheimen

Singerheimen, synfaring 13.05.2020



Singerheimen sett frå sydvest. Foto: Stig Nordrumshaugen.

Underteikna Stig Nordrumshaugen var på synfaring på Singerheimen 13.05.2020. Føremålet med synfaringa var å sjå på tilstanden på bygningane i tunet og fleire bakkemurar som stiftinga har søkt om tilskot til å setje i stand. Til stade var Jostein Fredly frå stiftinga, Handverkar Magne Strand, Malar Jarle Lindvik og entreprenør Jon Andreas Skarstein.

Tilstand på hovudbygningen



Hovudbygningen sett frå sør.

Det har vore gjort mykje godt arbeid med bygningane i tunet på Singerheimen dei siste åra. Men det er generelt eit stort etterslep på vedlikehald av hovudbygningen. Det mest openberre er alle sprossvindauga, men det er også utfordringar knytt til tak og tekking.

Stiftinga er komen godt i gang med vedlikehaldsarbeid på vindauga. Laus måling og kitt er skrapa vekk. Arbeidet gjerast på plassen, med vindauga i karmene. Dei seinaste ti-åra har moderne oljemåling vore nytta på huset, men opphavleg var det målt med linolje. Linoljemåling heftar mykje betre enn moderne oljemåling på høvle material. Difor vil fylkeskommunen tilrå at ein nyttar linoljemåling igjen no. Bert og tørt treverk i råmane på vindauga kan gjerne setjast inn med rein kokt linolje, før ein kittar opp glasa og målar vindauga. Dette gjeld spesielt på syd og vestramen, som er utsett for mykje sol.

Tilstanden på takrennene er generelt dårleg. Det kjem mykje vatn frå dei store takflatene, og dette har påført bygningen ein del røteskadar, fordi beslag og renner leke. Kring pipene er det synlege røteskadar. Utvendige pipekonstruksjonar gjev stor risiko for røteskadar.

Det ser også ut til at det har vore eldre vasslekkasjar på taket. Nokre sperr er så dårlege at dei må reparerast. Utette vassbord over vindauge er også ein årsak til røteskadar kring vindauga. Ein del av vasslekkasjane viser også tydeleg igjen på innvendige finerplater i huset. Det er usikkert i kor stor grad desse vasslekkasjane har gjort skader på konstruksjonen, men spisestua som heng utover muren mot vest har røteskader på den berande konstruksjonen. Det er også ein del røteskadar på listverk. Nokre av desse skadane må reparerast.

Tiltak

Stiftinga har søkt om tilskot til å byte ut alle dei dårlege kopparrennene på huset, men fylkeskommunen vil tilrå at ein ser grundigare på heile taket med skifertekking og kopparbeslag før ein går i gang med takrennene. Dette gjeld særleg takflata over stua mot vest, der det er minst to røteskada sperrer som må undersøkjast og reparerast. Det kan sjå ut som om dråpeskiferen ligg rett ned på undertaket (pløgd 5 toms panel) utan opplekting. Mest sannsynleg ligg det ein papp på undertaket, men denne er hundre år gamal og gjer kanskje meir skade enn nytte då skiferspikrane har satt mange hol i pappen. Skifertak er ikkje tette, og dess flatare taket er dess meir drev kjem inn.

Fylkeskommunen rår stiftinga til å ta kontakt med eit kompetent firma som kan sjå over heile taket og lage eit kostnadsoverslag på istandsetjing av dette. Utfallet av ein grundig vurdering av skadane samle sett, kan føre til at ein må tenkje på ein heilskapleg omlegging av skifertaket. I samband med dette må ein også vurdere reparasjonar på utsette berande konstruksjonsdelar, samt røteskada kledning, dører og listverk.

Ta kontakt med fylkeskommunen når dykk har fått tak i eit kompetent firma på skifertekking, som kan vurdere og kostnadsrekne eit meir heilskapleg istandsetjingsprosjekt av tak og reparasjonar knytt til røteskada treverk.

Med helsing

Stig Andreas Nordrumshaugen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
Jostein Fredly